

Til

Norddal kommune
v/ordføraren

Eidsdal/Norddal 13.10.2015

Stranda kommune
v/ordføraren

Kommunereforma. Innbyggjaralternativ – utgreiing av alternativet at bygdene Norddal og Eidsdal går inn i Stranda kommune.

I kommunestyrevedtak sak 003/15 i Norddal går det fram at kommunen bør greie ut fem ulike alternativ (med noko variasjon innafor kvart alternativ) i samband med kommunereforma. Av desse er det ikkje gjort noko vesentleg med alternativet som går på å dele kommunen (punkt 3d).

Vi har forståing for at dette er eit alternativ som det kanskje ikkje er naturleg å initiere frå kommunen si side, men svært mange innbyggjarar i bygdene Norddal og Eidsdal ynskjer at dette vert utgreidd. For å få i stand ei slik utgreiing, har underteikna i fyrste omgang teke initiativ til ei innbyggjarundersøking på sørsida av Norddalsfjorden, og stilt spørsmål om kor vidt innbyggjarane ynskjer å sjå nærmare på moglegheita for å komme inn under Stranda kommune.

Undersøkinga har blitt gjennomført ved bruk av e-post så langt vi har hatt adresser, og elles har flygeblad vore køyrt ut. Innbyggjarar over 18 år, busette i Norddal eller Eidsdal kunne svare. Alle svar vert handsama konfidensielt.

I praksis har vi ikkje har nådd ein del ungdom som er borte på skule, og truleg einskilde andre, men likevel har vi pr. no fått inn om lag 110 svar. Av desse er det eit overveldande fleirtal som ynskjer at alternativet mot Stranda vert utgreidd – over 100 stk! Berre 4 respondentar ynskjer ikkje ei slik utgreiing, og 4 svarar at dei ikkje har gjort seg opp noko meining. Vi gjer merksam på at vi framleis tek imot svar.

Vi understrekar at dette er eit initiativ som er tatt for å kunne komme i posisjon til å drøfte dette alternativet, og få utgreidd nærmare konsekvensane av det. I undersøkinga har det IKKJE vore meininga at folk skulle ta stilling til om ein vil/ikkje vil inn under Stranda kommune. Før ein tek stilling til dette, må vi ha betre kjennskap til konsekvensane av ulike alternativ.

Bygdene Norddal, Eidsdal og Geiranger ligg geografisk slik til at dei naturleg høyrer saman, og allereie i dag er det godt samarbeid på fleire felt. Likeeins har ein felles interesse i utvikling av kommunikasjonar/samferdsel. Dette er forhold som gjer at vi ynskjer å sjå nærmare på fordelar og ulemper ved å komme saman i ei felles kommune.

I informasjonen vår til innbyggjarane har vi vore klare på nokre forhold:

- Det må vere stor semje om initiativet for at vi skal gå vidare med det (og undersøkinga tilseier at semja er stor)
- Vi vil ha openheit kring saka frå starten av, og ynskjer god dialog med både Norddal kommune og Stranda kommune
- Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal må ta aktivt del i prosessen vidare, og det må veljast ei lokal arbeidsgruppe. Eit slikt val må gjerast demokratisk, og vi som så langt har teke initiativ i saka har inga prestisje i å representere vidare. Bygdene skal velje sine folk fritt.
- Særleg i forhold til Geiranger ynskjer vi ein open og god dialog

I tråd med det vi har skrive i vårt informasjonsskriv til innbyggjarar i Norddal og Eidsdal, tek vi no kontakt med politisk og administrativ leiing i både Norddal og Stranda kommune, og ber om eit felles møte for å drøfte korleis vi bør handtere saka vidare, samt framdrift.

Sett frå vår side, er det ynskjeleg med eit bygdemøte i Norddal/Eidsdal relativt tidleg i prosessen, der vi helst vil ha med m.a. politisk og administrativ leiing frå begge kommunane. Vi ser òg dette som eit høve til å velje bygdene sine formelle representantar i arbeidet vidare.

Vi gjer elles merksam på at det allereie er orientert om saka i arbeidsgruppa for kommunereforma i Norddal kommune.

Vi ber om tilbakemelding snarast råd, helst med framlegg om aktuelle dagar for ev. møte.

Med vennleg helsing

Merete Løvoll Rønneberg
Merete Løvoll Rønneberg

Else Ragni Yttredal

Knut Grønningsæter

Frode Rønneberg

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Rådmannen i Norddal
Rådmannen i Stranda
Arne Sandnes
Postmottak Norddal kommune
Postmottak Stranda kommune